

Referat styremøte Herand bygdelag tysdag 20.04.2021

Tilstades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Jan Tore Huus, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane, Tiril Eiken og Oddmund Skeie.

Forfall: Kaia Gulbrandsen

Referent: Angunn Handegard Trå

Sak 2021/15: Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Godkjent (styremøtet 13.04 vart utsett til 20.04 grunna coronareglar).

Sak 2021/16: Godkjenning av referat frå styremøte 09.03.2020.

Godkjent.

Sak 2021/17: Konstituering av nytt styre etter årsmøte.

Styret konstituerte seg slik:

Leiar Ole Gisle Vassel

Nestleiar Jan Tore Huus

Skrivar Kaia Gulbrandsen

Kasserar Angunn Handegard Trå

Styremedlemmer: Kenneth Vikane, Marta Samland, Thorleif Gjernes.

Sak 2021/18: Eigedomar:

- Ole har vore i kontakt med kommunen, som har ansvar for slått på kommunale areal i bygda i sommar (ved ballbingen, badeplassen, Sevarebrua, helleristingsfeltet, kryss Tveitehagen, parkeringsplass Eldhushaugen).
- Status forsikring av utstillinga i båtbyggjarmuseet og inventar i krambua, vert utsett til neste møte.

Sak 2021/19: Tilstellingar:

- Dugnad: styret planlegg ikkje felles dugnad, men oppmodar bygdefolket til å ta ei økt ved høve i løpet av dei fyrste vekene. Bygdelaget heng opp plakat på butikken, og ei lista med oppgaver, som i fjor.
- Kaia og Marta får ansvar for å kjøpa inn og planta blomar til bygda etter same mal som før.

Sak 2021/20: Økonomi:

Det er sendt søknad til Lotteri-/stiftingstilsynet på ny støtteordning (momskompensasjon).

Sak 2021/21: Nærmiljøanlegget:

- Har fått avslag på søknad hjå Sparebanken Vest sitt eldsjelfond.
- Søknad hjå kommunen er under handsaming.

Sak 2021/22: Andre saker/eventuelt:

Styret i Herand Bygdelag er kalla inn til generalforsamling i Herand Omsorgsbustader AS, onsdag 19. mai kl. 20.00.

Neste styremøte tysdag 11.05.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus.